# Referat Rovernemndsmøte 12. – 15. mars 2014

Rovernemndsmøtet starta laurdag 14. mars kl. 09:30 på forbundskontoret, etter oppstart og opplæring på kontoret torsdag og fredag. Møtet heva sundag kl. 13:10.

Tilstade:
Martin Grønfjell
Marta Nagel-Alne
Karen Undheim
Torkel Reinertsen
Erik Ettner Sanne
Kaja Marie Leversund (ikkje tilstade sundag)

**Sak 1:** Konstituering

1.1 Godkjenning av innkalling og saksliste

- Innkalling og saksliste godkjent.

1.2 Val av referent

- Marta valt til referent (ved akklamasjon).

**Sak 2:** Gjennomgang av fråtredingsrapport – førre ledar

- Nemnda har gått gjennom fråtredingsrapport frå førre ledar Sindre Nesse.

**Sak 3:** Fordeling av ansvar

3.1 Fordeling av kretsar og studentspeidarlag

- Dei fem nemndsmedlemane utanom ledar har fått fordelt fire kretsar kvar. Martin skal vera hovudkontakt for studentspeidarlaga.

3.2 Fordeling av arrangement

- Arrangementa har blitt fordelt, og lokalkomiteane skal bli kontakta snarast.

3.3 Nyheitsbrev, sosiale media, heimesider og ledarforum

- Medlemane har fått ulike ansvarsområde, og skal lærast opp i oppgåvene.

**Sak 4:** Roverkongress

4.1 Evaluering

- Rovernemnda har formulert ei evaluering av kongressen, som skal bli tilsendt både årets og neste års lokalkomité.

4.2 Gjennomgang av evaluering frå lokalkomité

- Evalueringa er gjennomgått av nemnda.

4.3 Protokollunderskrivar

- Rovernemnda vel Klara Marie Borud ny protokollunderskrivar saman med Lars Grønfjell.
  Grunngjeving: Cathrine Breidablik, som originalt blei valt som protokollunderskrivar, var ikkje tilstade på roverting.

4.4 Gjennomgang av protokoll

- Protokollen er gjennomgått, og rettingar er skal bli meldt til kontoret.

**Sak 5:** Rovernemndas tiltaksplan

5.1 Gjennomgang av tiltaksplan inkludert nye punkt frå Roveting
- Nemnda har gått gjennom og prioritert punkta i tiltaksplanen.

5.2 Fordeling av ansvar
- Oppgåvene er fordelt og arbeidet er sett i gong.

**Sak 6:** Planlegging av året

6.1 Rovernemndsmøte
- Neste nemndsmøte blir mest sannsynleg 29.-31. mai i Stavanger-området, og resten av møta er plassert omtrentleg utover året med tilhøyrande krets/by. Aktuelle kretskontaktar vil bli informert om møta i samsvar med tiltaksplanen.

6.2 Andre arrangement

6.2.1 Roverfemkamp
- Rovernemnda tek kontakt med lokalkomiteen, og arbeider med revidering av instruks for roverfemkampen.

6.2.2 Kretskontaktsamling
- Samlinga skal, viss mogeleg, leggjast samstundes som gruppeledarkonferansen. Dette skal arbeidast vidare med på dei neste møta.

6.2.3 Representasjon på andre arrangement
- Rovernemnda skal, slik det står i tiltaksplanen, delta så aktivt som mogeleg på dei ulike arrangementa.

**Sak 7:** Internasjonalt roverarbeid

- WMCA arbeider med ein ungdomskonferanse i Paris, som skal handla om klima. Rovernemnda skal halda seg oppdatert omkring kampanjearbeidet, og informera rover-Noreg etter kvart som me får vita meir.

**Sak 8:** Økonomi

8.1 Gjennomgang av økonomi

- Rovernemnda har sett gjennom rekneskapen.
- Medlemane har fått innføring i rutinane for tilbakebetaling av utgifter.

**Sak 9:** Eventuelt

9.1 Roverlandsleir

- Rovernemnda skal utarbeida forhandsoppgåver til leiren, og har informert lokalkomiteen om dette.